



Statens vegvesen

RUNE HAUSO BERNES
HOPSDALSVEGEN 34
5915 HJELMÅS

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
18/98231-2

Dykkar referanse:

Vår dato:
28.06.2018

Svar – Oppføring av mur – E39 – gnr. 194 bnr. 8 – Lindås kommune

Statens vegvesen syner til søknad mottatt 02.05.2018.

Du har søkt om å oppføre gråsteinsmur i lengde av 40 meter og høgde inntil 3,9 meter. Tiltaket er plassert inntil 2,5 meter frå vegkant til E39. Søknaden er grunngeve med at du ynskjer å dempe støy frå europavegen og for å kunne nytte deg av utområde på tomta.



Google Street view 2009. Området der mur er søkt plassert.

Muren du søkjer om er plassert dels på Statens vegvesen sin grunn og tett i nabogrensa. Som grunneigar og nabo vil vi ikkje gje samtykke til ei slik plassering. Vi har av same grunn ikkje behandla søknad om dispensasjon etter veglova. Dette er difor ikkje eit enkeltvedtak som du kan klage på etter forvaltningslova.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Oppføring av mur i den storleik og omfang du søker om, er omfatta av føresegner i plan og bygningslova. Vi rår i første rekke til at du tek kontakt med Lindås kommune, som kan rettleie deg vidare i ein slik søknadsprosess.

Dersom vi får ein ny og omarbeidd søknad vil vi gjere merksam på at byggjegrensa langs E39 er 50 meter frå vegmidte. Byggjegrensa gjeld alle tiltak, som bygningar, murar, utgravne rom og så vidare. Vi har eit særleg fokus på trafikktryggleiken på og langs europavegen og dei nære sideareal til vegen. Byggjegrensa skal også mellom anna ta i vare framtidig behov for areal til utviding og utbetring av vegen og framføring av gang- og sykkelveg. Vi har ei streng haldning til dispensasjon på denne strekninga.

Dersom du har spørsmål knytt til innhaldet i dette brevet så kan du ta kontakt!

Plan og forvaltning, Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
faggruppekoordinator

Tone Bøyum
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ